



Bjerkreim Kommune

Plan for selskapskontroll 2017 – 2020



Noen de kommunale selskapene i regionen

Vedtatt av kommunestyret i den 20.09.2016

Innhaldsliste

Innleiring	3
Avgrensing – organisasjonsformer som faller helt utanfor planen, men er omfatta av andre planer	3
Avgrensing –organisasjonsformar som fell heilt utanom	3
Selskapskontrollens innhald og føremål	4
Eigarskapskontroll	5
Kva som er omfatta av eigarskapskontrollen.....	5
Formål med eigarskapskontrollen:.....	5
Utføring av eigarskapskontrollen	5
Status for Bjerkreim kommunes eigarskapsmelding/eigarstrategiar	6
Forvaltningsrevisjon i selskap.....	6
Forvaltningsrevisjon i selskap.....	6
Prioritering av selskapskontroll i den komande perioden:	6
Rapportering og oppfølging av gjennomført selskapskontroll.....	7
Oversikt over Bjerkreim kommune sitt eigarskap i selskap.....	8
Selskap med eigarskapskontroll og som fell inn under KL § 80	8
Interkommunale selskap (IKS)	8
Interkommunale samarbeid (§ 27).....	8
Aksjeselskap (AS)	8
Selskap med eigarskapskontroll som ikkje er nemnde i KL § 80	8
Aksjeselskap (AS)	8
Andre selskapsformer	8

Innleiing

Kommunane har i aukande grad valt å bruka fristilte organisasjonsmodellar som selskap, samarbeid, stiftingar ol, for å løysa ulike kommunale oppgåver. Utviklinga synes å fortsetta i retning av auka bruk av fristilte organisasjonsformer. Dette gjer at organiseringa av den kommunale verksemda blir meir kompleks og fragmentert, og inneberer nye utfordringar både når det gjeld styring, kontroll og tilsyn.

På bakgrunn av denne utviklinga har kommuneloven (KL) gitt kontrollutvalet ansvar for «*å påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper mm*»¹. Dette må sjåast i samanheng med bestemminga om kontrollutvalet og revisor sin innsynsrett i selskap som er heileigde av kommunar². Nærmore bestemmingar om korleis kontrollutvalet skal utøva dette ansvaret er omtala i *kontrollutvalsføreskrifta*³.

Det er kontrollutvalet som ifølge KL har ansvar for å sjå til at det vert gjennomført selskapskontroll. I dette ligg det at kontrollutvalet har ansvar for at det vert utarbeidd ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Vidare har kontrollutvalet ansvar for å bestilla den/dei selskapskontrollar som etter planen skal gjennomførast. Det er kommunestyret sjølv som vedtar planen. Planen gjeld for kommunestyreperioden 2017 – 2020, eller til ny plan ligg føre.

Avgrensing – organisasjonsformer som faller helt utanfor planen, men er omfatta av andre planer

Kommuneloven har eit reglesett for oppretting av organisasjonsformar som kan sjåast på som eigne forvaltningsorgan, *men som likevel inngår i kommunens organisasjon*. Desse vil falle utanfor omgrepet selskapskontroll, då kommunestyret sjølv er eigarorgan. Det betyr at kontrollutvalet har fullt innsyn etter kommuneloven sine bestemmingar og derfor kan gjennomføra forvaltningsrevisjon på lik linje som for andre verksemder i kommunen. Desse organisasjonsformane må derfor takast med i plan for forvaltningsrevisjon. Dette gjeld:

- kommunale føretak (KF)⁴,
- interkommunalt samarbeid etter KL § 27 som *ikkje* er eigne rettssubjekt⁵,
- vertskommunesamarbeid, KL § 28 a.⁶.

Avgrensing –organisasjonsformar som fell heilt utanom

Stiftingar er ein organisasjonsform som er sjølveigande, og formelt ikkje har eigarar som kan ha direkte styring med stiftinga. Heller ikkje stiftaren (for eksempel kommunen) har rettsleg sett eit slikt styringshøve. Eit vedtak fatta i stiftinga sitt styre er endeleg og kan ikkje gjerast om av eit kommunalt organ. Ein communal stiftar kan legga rammer for stiftinga si verksemd ved utarbeiding

¹ Kommunelovens (KL) § 77 nr. 5.

² Innsynsretten er regulert i KL § 80, og omfattar Interkommunale selskap (IKS) og aksjeselskap som er helt ut eigd av kommunar og fylkeskommunar. I selskap som er deleigd av kommunar og fylkeskommarar (dvs. med private eller statlige eigarinteresser) kan innsynsrett avtalast.

³ Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner av 15.06.04 har eige kapittel 6 som omhandlar selskapskontroll.

⁴ Kommunale føretak er omhandlet i KL kapittel 11.

⁵ Interkommunalt samarbeid, som ikke er eigne rettssubjekt, er omhandlet i KL § 27

⁶ Vertskommunesamarbeid er omhandlet i KL § 28.

av stiftinga sine vedtekter⁷. Det kan vera ein krevjande prosess å endra vedtektena på eit seinare tidspunkt. På grunn av det avgrensa høvet kommunen har for styring og kontroll, bør kommunestyret og kontrollutvalet vera spesielt merksame ved bruk av denne organisasjonsforma.

Med mindre kommunen har lagt inn rammer som opnar for kontroll/tilsyn i stiftinga si vedtekter, skal stiftingane ikkje inn i plan for selskapskontroll.

Selskapskontrollens innhald og føremål

I følgje regelverket består selskapskontrollen av to element: obligatorisk eigarskapskontroll og eventuell forvaltningsrevisjon i selskapet, som er valfri.

Det som ligg i dei to elementa er:

- *Obligatorisk eigarskapskontroll* – består i å sjå på korleis kommunens eigarinteresse i selskapet vert utøvd, og om utøvinga er i tråd med kommunestyrets vedtak og føresetnader. Kontrollen omfattar alle selskap der kommunen har eit eigarskap. Denne kontrollen går i liten grad på sjølve selskapet, bortsett frå å sjå til at det er rutinar for styrets rapportering til selskapets eigarorgan.

Eigarskapskontrollen omfattar følgjande:

- kontroll ved selskapsetableringa
 - kontroll av at kommunestyret har etablert tydelige føringar for eigarskapa sine
 - kontroll av at kommunen har rutinar for å følgje opp og evaluerer eigarinteressene sine (f. eks. eigarskapsmelding, overordna eigarskapsstrategiar og generelle rutinar)
 - kontroll av at den som tek vare på kommunens eigarinteresse opptrer i samsvar med kommunens vedtak og føresetnader (forvaltninga av kommunens eigarinteresser. Eit element er spørsmål til alle eigarrepresentantane i dei enkelte selskapa kommunen eig)
- *Forvaltningsrevisjon i selskapet* – Dette er ein frivillig og ikkje lovpålagt del av selskapskontrollen. På same måte som ved ordinær forvaltningsrevisjon, skal forvaltningsrevisjon i tilknyting til selskapskontroll byggja på vurdering av risiko og vesentlegheit, og bør om mulig tas inn i plan for forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon i selskapet kan bare gjennomførast dersom kommunen er sikra innsynsrett gjennom KL 80 eller har vedtektsfesta rett til innsyn. Kontrollutvalet kan også skriva til alle private eigarar for å be desse om samtykke til innsyn. Dersom innsynsretten ikkje er sikra vil ein forvaltningsrevisjon bare kunne omfatta opne kjelde, og vil dermed i større grad vera ei faktainnsamling enn ein forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon vil vera særleg aktuelt i selskap som produserer velferdstenester på vegne av kommunen. Forvaltningsrevisjon omfattar følgjande:

- kontroll med at selskapet etterlever dei lovar/reglar selskapet er underlag (kan vera Lov om offentlege anskaffingar/arkivlov/forvaltningslov/særlovar m.m.)
- systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyrets vedtak og føresetnader (kontroll av aktiviteten i selskapet)

Forvaltningsrevisjon skal utføres i tråd med kap.3 i forskrift om revisjon og i tråd med god kommunal revisjonsskikk. Her inngår m.a. risiko- og vesentlegvurderingar som ein viktig del.

⁷ NOU 1995:17, kap. 5.4.

Eigarskapskontroll

Kontroll med korleis kommunen utøvar sitt eigarskap er som nemnt det lovpålagde hovudelementet i selskapskontrollen. Eigarskapskontrollen famnar alle selskap som kommunen deltek i.

Kva som er omfatta av eigarskapskontrollen

Følgjande selskap/organisasjonsformar er omfatta av eigarskapskontrollen:

1. Interkommunale selskap etter IKS-lova
2. Aksjeselskap som er heileigd av kommunale aktørar
3. Aksjeselskap (AS/ASA) deleigd av kommunale aktørar
4. Samvirkeføretak
5. Stiftelsar dersom innsyn er vedtatt
6. Interkommunalt samarbeid etter kommunelovens § 27 som er eige rettssubjekt

Formål med eigarskapskontrollen:

Hovudformålet med *eigarskapskontrollen* er å kontrollera om den utøvar kommunen sine eigarinteresser i selskap gjer dette i samsvar med kommunestyrets vedtak og føresetnader.

Dette omfattar:

- Sjå til at kommunen har etablert tydelege føringar for eigarskapa sine. Føringane bør vera skriftleg dokumentert t.d. gjennom eigarskapsmelding og eventuelt konkrete eigarstrategiar for det enkelte selskap.
- Sjå til at kommunen har etablert rutinar for å føre kontroll med sine eigarinteresser i selskapa. Dette gjeld både oppfølging og evaluering av eigarinteressene.
- Sjå til at det er etablert skriftlige rutinar for kommunestyret si oppfølging av kommunen sin eigarrepresentant, og at denne vert etterlevd. Rutinane bør omfatta drøftingar med eigarrepresentant i forkant av eigarmøte og rapportering til kommunestyret. Kommunen bør også ha etablert rutine for opplæring av eigarrepresentantane.
- Sjå til at eigarrepresentanten tek vare på kommunens interesser i selskapet i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, nedfelt i ovannemnde dokumentasjon.
- Sjå til at eigarorganet i selskapet har etablert gode rutinar for skriftlig kommunikasjon mellom eigarorgan og styret i selskapet.

Både i IKS- og aksjeloving er styret ansvarleg for selskapet sine forretningsmessige disposisjonar. Selskapskontrollen skal ikkje omfatta kontroll av styret sitt arbeid, men fokusera på korleis eigar opptrer i selskapsorgana (representantskap eller generalforsamling).

Utføring av eigarskapskontrollen

Obligatorisk selskapskontroll bør vurderast gjennomført samla for alle selskapa der Bjerkreim kommune har eit eigarskap, dvs. at eigarskapskontrollen òg omfattar også selskap der det ikkje er aktuelt å gjennomføra forvaltningsrevisjon.

Eigarskapskontrollen bør gjennomførast minst ei gong i valperioden. I tillegg bør kontrollutvalet følgje med i endringar i eigarskapsmelding og eigarstrategi for det enkelte selskap som kommunen

er medeigar i. Dersom det skjer større endringar bør kontrollutvalet vurdera om det er behov for ei revidering/oppdatering av eigarskapskontrollen.

- Obligatorisk eigarskapskontroll av Bjerkreim kommune vert levert i 2017.

Status for Bjerkreim kommunes eigarskapsmelding/eigarstrategiar

Bjerkreim kommune har utarbeidd eigarskapsmelding i 2012.

Forvaltningsrevisjon i selskap

Forvaltningsrevisjon i selskapa kan bare utførast i selskap der kontrollutvalet har innsynsrett etter KL § 80, sjå kommentar i avsnittet Selskapskontrollens innhald og føremål, punktet forvaltningsrevisjon i selskapet ovanfor. I tillegg vil den omfatta selskap som ikkje er nemnt i § 80, men der kommunen gjennom vedtekten har sikra kontrollutvalet innsyn.

For alle andre selskap vil kontrollutvalet bare kunne gjennomføra «forvaltningsrevisjon» basert på opne kjelder.

Forvaltningsrevisjon i selskap er ikkje lovpålagt og derfor ei valfri oppgåve. Dersom kontrollutvalet vel å gjennomføra forvaltningsrevisjon må dette og skje på bakgrunn av ei risiko og vesentlegvurdering som for alle andre forvaltningsrevisjonar.

Forvaltningsrevisjonar i selskap bør ideelt sett tas med i plan for forvaltningsrevisjon, men det kan vere årsaker som gjer at dette ikkje er praktisk mogleg. En viktig grunn til dette er at grunnlaget for å gjere ei vurdering av om forvaltningsrevisjon i eit selskap er aktuelt normalt vil koma i kjølvantet av ein eigarskapskontroll.

Forvaltningsrevisjon i selskap

Føremålet med forvaltningsrevisjon i selskap kan vera:

1. Sjå til at selskapet opptrer i samsvar med eigarane sine mål og strategiar med selskapet. Mellom anna at selskapet ikkje startar opp aktivitetar utan at dette er klarert med eigarane, dersom selskapet ikkje er gitt myndigkeit til dette.
2. Sjå til at selskapet driver i tråd med regelverk som gjeld for deira verksemråde, samt generelle regelverk for kommunal sektor i den grad desse er aktuelle for selskapet.
3. Sjå etter om selskapet har nødvendige produktivitet og effektivitet og måloppnåing.

Bestilling av forvaltningsrevisjon bør så langt det er mogleg og ønskeleg gjennomførast i samarbeid med kontrollutvala i dei andre eigarkommunane.

Prioritering av selskapskontroll i den komande perioden:

Bjerkreim kommune sitt eigarskap i aktuelle selskap er stort sett eit samarbeid med andre kommunar. Det betyr at det vanlegvis er andre eigarkommunar set i gang eit prosjekt som Bjerkreim vert spurd om å delta i. Til vanleg vert slike prosjekt sett i gang av dei største eigarane.

Kontrollutvalet i Bjerkreim vel å prioritere forvaltningsrevisjon i selskapa som kontrollutvalet i Eigerund har prioritert: Uninor og Dalane Energi AS (etter omdanninga)

I førre periode vart det gjennomført forvaltningsrevisjon i Lyse AS, som Bjerkreim deltok i.

Rapportering og oppfølging av gjennomført selskapskontroll

Rapport frå obligatorisk eigarskapskontroll vert lagt fram for kommunestyret for endeleg vedtak.

Rapport om forvaltningsrevisjon i selskap bør behandlast på same måte som andre forvaltningsrevisjonar, med direkte rapportering til kommunestyra.

I den grad rapporten innehelder konkrete anbefalingar til eigarane (eigarskapskontrollen) eller selskapet (forvaltningsrevisjon) vil rapporten bli følgt opp av kontrollutvalet, og sak ang. oppfølging vil bli vidaresendt kommunestyret.

Oversikt over Bjerkreim kommune sitt eigarskap i selskap

Selskap med eigarskapskontroll og som fell inn under KL § 80⁸

INTERKOMMUNALE SELSKAP (IKS)

Dalane Miljøverk IKS

Dalane Energi IKS

Interkommunalt Arkiv IKS

Rogaland Revisjon IKS

INTERKOMMUNALE SAMARBEID (§ 27)

Dalane Friluftsråd

Rogaland Kontrollutvalgssekretariat IS

AKSJEELSKAP (AS)

Uninor AS

Lyse AS⁹

Selskap med eigarskapskontroll som ikkje er nemnde i KL § 80¹⁰

*AKSJEELSKAP (AS)*¹¹

Magma Geopark AS

ANDRE SELSKAPSFORMER

Biblioteksentralen SA

KLP - Kommunal lands-pensjonskasse (gjensidig forsikringsselskap)

Landbruksenteret SA (Helleland)

Opplæringskontoret i Dalane SA

⁸ I tillegg til å gjennomfører eigarskapskontroll kan ein i desse selskapa velje å gjennomføre forvaltningsrevisjon. Alle desse selskapa fell inn under KL § 80

⁹ Lyse har fleire selskap som dei eig saman med statleg verksemder og/eller private. Desse selskapa fell utanfor KL § 80, og det kan ikkje gjerast forvaltningsrevisjon utan at dette er nemnd i vedtekten eller etter avtale.

¹⁰ Når selskapet ikkje fell inn under KL § 80, kan ei berre gjennomføre selskapskontroll basert på opne kjelder. Unntaket er der kommunen i selskapet sine vedtekte har sikra kontrollutvalet innsynsrett i selskapet.

¹¹ I desse selskap er det private aktørar.